

TEST : KIKKERTSIKTE

Kahles Helia 2-10x50i

TEKST & FOTO: JØRUND LIEN



Godt sikte fra Kahles

ALLROUND

Kahles Helia 2-10x50i er eit typisk allroundsikte for norsk storviltjakt.

At kvalitet fyljer pris i optikk er vel kjent, det som kostar mest er stort sett best. Kva så med kikkertsikte midt i øvre prisklasse som Kahles Helia 2-10x50i – er det topp eller middelklasse?

I denne testen vart Kahles Helia 2-10x50i samanlikna med Leica Fortis 6 2-12x50 og Leupold VX-5 2-10x42.



KVA KRAV MÅ STILLAST til kikkertsiktet som skal brukast til det meste av jakt? For det første må optikken vere god nok i både sterkt motlys og skumring. Kikkertsiktet må ha liten nok forstørring for stort synsfelt for trange postar og kjappe skot, men og høg nok forstørring til mindre vilt på lengre skothald. For jege- ren som går langt og bratt er vekta viktig. Og ikkje minst er rett pris viktig for dei aller fleste.

NÅR EIN SER PÅ forstørring og zoomområde er Kahles Helia 2-10x50i eit typisk allroundsikte for norsk storviltjakt. Eller for det meste av storviltjakt for den del. På 2x er synsfeltet stort nok for kjappe skot på stutt hold, 10x er nok til det meste for dei fleste. Kombinasjonen av 50 mm objektiv og god optikk er ein klar fordel for jakt i dårleg lys, så og belyst retikkel som kan justerast langt nok ned i lysstyrke. På 2x er 21 meter synsfelt på 100 meter stort nok til å konkurrere med dei fleste av dei beste. Så og optikken. Kahles Helia 2-10x50i er blant dei beste både natt og dag, og synsfeltet i testsiktet er skarpt og klart heilt ut i ytrekant frå 2 til 10x. Vekt på 585 gram for 2-10x50-sikte er ikkje spesielt lett eller tungt, kroner 15 700 er og midt på treet for gode kikkertsikte.

For å samanlikne med to andre nye kikkertsikte med same bruksområde kan

Leupold VX-5 2-10x42 HD CDS med 465 g vekt og pris kroner 11 990 vere eksempel på nedre del av toppklassen, Leica Fortis 6 2-12x50 med vekt 700 g og pris kroner 20 900 øvre del.

Forskjellen er liten i godt lys, sjølv om dei to europeiske nok har litt betre oppløysing og kontrast. På grunn av mindre objektiv er Leupold VX-5 2-10x50 dømt til å tape i dårleg lys, forskjellen mellom Kahles Helia 2-10x50 og Leica Fortis 6 2-12x50 er minimal med begge på 8 eller 10x. Min oppfatning er at Leica Fortis 6 er ørlite betre, utan at andre som var med i vurderinga av sikta nødvendigvis var einige i dette.

PÅ 10 METERS AVSTAND med 2x såg eg nokre få cm vidare med Leica Fortis 6 enn med Kahles Helia, og ca 10 cm meir med Kahles Helia enn med Leupold VX-5. På 5x forstørring var forskjellen minimal. Derimot var det ein klar forskjell i skarpt synsfelt. Dei to europeiske var skarpe heilt ut i kanten på 2x, Leupolden litt uskarpe heilt i ytrekant av synsfeltet. Kor stor betydning slike små forskjellar har til praktisk jakt der konsentrasjonen er konsentrert om senter av synsfeltet er ein annan sak.

Kahles Helia 2-10x50i vert levert med såkalla 4-dot retikkel, på norsk betyr vel det retikkel 4 med opplyst raudprikk i midten. Lysbrytaren er tradisjonelt

Kahles Helia 2-10x50i er allroundsikte til norsk storviltjakt.


vritårn på venstre side, og automaticlight er Kahles versjon av moderne retikkelys som slår seg av og på alt etter om siktet er i anleggstilling eller ikkje. Alt fungerer, mitt einaste ankepunkt er at maks lysstyrke godt kunne vere endå sterkare i skarpt lys mot lys bakgrunn. Ikkje noko stort problem for norsk eller europeisk jakt om hausten dette, viktigare er det at lysstyrken kan justerast langt nok ned i dårleg lys. Noko den kan. BDC ballistikkårn kan kjøpast ekstra.

Å skyte med Kahles Helia 2-10x50i er bare stas. 95 mm augeavstand er langt nok for normalpatroner, og den er lite kresen på augeplassering i forhold til okular. Når eitt knepp flytter treffpunkt 1 cm på 100 meter er innskytinga enkel, og testskyting med 10 knepp opp – ned, høgre og venstre visa at treffpunktet flytta seg deretter. Maksimalt justerings-



område er 160 cm på 100 meter.

Jegeren som ikkje absolutt må ha kikkersikte med superzoom, men «bare» vil ha eit godt kikkersikte til det meste av riflejakt, bør absolutt vurdere Kahles Helia 2-10x50i. Prisen er fornuftig, og optikken god.



- + Optikk
- 5x zoomområde - ikkje superzoom for den som bryr seg om det
- = Godt kikkersikte til ikkje alt for ille pris



FAKTA

MODELL: Kahles Helia 2-10x50i
PRIS: kr 15700
VEKT: 585 g
LENGDE: 341 mm
AUGEAVSTAND: 95 mm
MELLOMRØR: 30 mm, 14 cm
SYNSFELT: 21-4,1 m på 100 m
RETIKKEL: 4-dot med automaticlight
MAKS treffpunktjustering: 1,6 m på 100 m
GARANTI: 10 år
IMPORTØR: Swarovski Optic Nordic AB